

Til stades: Hilde Reitan - leiar, Camilla Granlien - nestleiar Thor
Hauknes - nestleiar, , Kristian Hanto, Kjellbjørn Karsrud – under
sakene: 21-23,27, 29 og 30, Silje Solberg, Thomas Nilssen, Ole Erik
Feragen – 1.vara

Frå administrasjonen: Linda Dyrnes – dagleg leiar, Liv Annette Nygjerdet – dei tilsettes
representant, Sina Myhr og Solfrid Gjeldokk under sak 26, Audun
Stokke Hole då Bente Riise vitja møtet.

Tid: Fredag 12.mars kl. 09.00-16.00

Stad: Teams

I tillegg til saklista deltok Bente Riise frå Tidsskriftforeninga kl. 13 for å orientere om ulike
måtar å organisere eit magasin på.

Vi testa den tekniske løysinga for Landsmøtet.

Referat

Styresak 2021/21 Innkalling og sakliste

Styresak 2021/22 Orienterings-, drøfting- og referatsaker

Styresak 2021/23 Budsjett for 2023

Styresak 2021/24 Godkjenning av sakspapir til Landsmøtet 2021

Styresak 2021/25 Diverse avklaringar til Landsmøtet 2021

Styresak 2021/26 Folkemusikksending – første utkast

Styresak 2021/27 Balansemerket – vidare oppfølging

Styresak 2021/28 Vår Dag – Frivillighetens år

Styresak 2021/29 Utnemning av heidersmedlem

Styresak 2021/30 Eventuelt

Styresak 2021/21 Innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjend.

Styresak 2021/22 Orienterings-, drøfting- og referatsaker

a) Driftsrapport per 04.03.21

- a. Rådgjeving/Opplæring/service
 - i. Vi har utarbeida og offentleggjort ny tilskotsordning: Aktivitetstilskot 2021.
 - ii. Informert om ulike kurs og seminar for utøvarar
 - iii. Informert om ulike prosjekt og festivalar utøvarane kan søke på som Oslo World, Folk Unlocked (Folk Alliance) og By:larm.
 - iv. Informert om ulike stønadsordningar.
 - v. Vi har vore i kontakt med alle områdelaga om deltaking på årsmøta deira.
- b. Formidling og arrangement – oppsummering:
 - i. Landskappleik og Landsfestival i gammaldansmusikk:
 1. Har offentleggjort avlysinga av årets arrangement.
 - ii. Folkelarm
 1. Vi har sendt ut konsertarkivet frå Folkelarm 2020 til bookerar i Noreg og utlandet
 2. Søknadsfristen for showcase på årets Folkelarm er gått ut og juryen er i gong med arbeidet.
 3. Har søkt om ulike tilskot.
 4. Er i gong med å invitere delegatar til Folkelarm og planlegginga er godt gang.
 5. Har byrja marknadsføringa av Folkelarm 2021.
- c. Informasjon og opplysning – oppsummering:
 - i. Folkemusikk – magasinet:
 1. Laussal og biblioteksabonnement: Tekstallmenningen, nyopna nettbutikk og ressurscenter for kulturtidsskrift, driv no alt laussal av magasinet. Subsidierte biblioteksabonnement sel dei òg, m.a. er Folkemusikk del av ei tilbodspakke som no blir selt til bibliotek rundt om i Noreg og nabolanda.
 2. Byrja arbeidet med å forbetre nettsidene til folkemusikk.no.
 3. Har no faste møte med redaksjonsrådet. Det fungerer bra.
 4. Planlagt bladslepp i Måselv måtte avlysast på grunn av pandemien.
 - ii. Anna informasjonsarbeid
 1. FolkOrg.no
 - a. Vi har byrja arbeidet med nye nettsider.
 2. Byrja planlegginga av ei ny folkemusikksending.
- d. Påverknad/samarbeid – oppsummering:
 - i. Vi har hatt møte i Arrangørforum.
 - ii. Vi har delteke på medlemsmøte i Norske festivalar.
- e. Særskilde satsingar

- i. Informasjon / formidling / dokumentasjon
 - 1. Starta arbeidet med folkemusikkens- og folkedansens dag i forbindelse med Frivillighetens år i 2022.
 - 2. Reportasjen om heidersmedlem Einar Eimhjellen vert sendt på NRK2 9. mars kl. 18:45 i samband med Extra-trekninga.
- f. Andre ting:
 - i. Arbeid med årsavslutning, førebuing til Landsmøte og søknad om driftstilskot for 2022 har tatt mykje tid i perioden.

Vedtak:

Styret tek orienterings- drøfting- og referatsaker til orientering.

Styresak 2021/23 Budsjet for 2023

Vedtak:

Styret legg utkast til budsjett for 2023 fram for Landsmøtet 2023

Styresak 2021/24 Godkjenning av sakspapir til Landsmøtet 2021

Vedtak:

Styret godkjenner framlegg til sakspapir til Landsmøtet 2021 med nokre få endringar.

Styresak 2021/25 Diverse avklaringar til Landsmøtet 2021

Vedtak:

- a) Styret vedtok ei liste over kandidatar administrasjonen kan spørje om å vere kandidat til valnemnda
- b) Styret vedtok ei liste over kandidatar til å vere ordstyrarar på landsmøte. Administrasjonen spør ut frå den lista
- c) Opplegg fredag kveld blir:
 - Kl.17.00 Styremøte
 - Kl. 18.00 Middag

Kl.19.00 Quiz på Teams for landsmøtedeltakarar. Kjellbjørn Karsrud og Ole Erik Feragen lagar quiz. Resten av styret sender dei framlegg til spørsmål

Kl.20.30 Strøymekonsert frå Riksscenen.

- d) Administrasjonen står for teknisk gjennomgang for utsendingane i byrjinga av møtet.
- e) Vi vil oppmode så mange som mogleg av medlemmene å delta som observatørar, om dei ikkje er utsendingar. Vi oppmodar observatørar til å delta gruppevis om det skal bli problem med for mange deltakarar, då den tekniske løysinga har ei øvre grense på 300 deltakarar.
- f) Teljekorps må vere førebudd på kva dei skal gjere på førehand. Dei har kontrollfunksjonen for stemmegjeving.
- g) Vi gjer ikkje opptak med bilde av Landsmøtet, men berre med lyd for bruk til protokoll.

Styresak 2021/26 Folkemusikksending – første utkast

Vedtak:

Styret godkjenner at prosjektgruppa arbeider vidare med planen for sendinga. Prosjektgruppa sender styret oppdateringar jamleg utover våren.

Styresak 2021/27 Balansemerket – vidare oppfølging

Vedtak:

- a) AU er arbeidsgruppe for det vidare arbeidet med Balansemerket.
- b) FolkOrg vil lage eit spørjeundersøking som kartlegg seksuell trakassering og overgrep i folkemusikkmiljøet. Vi inviterer Norsk senter for folkemusikk og folkedans og Noregs Ungdomslag til å vere med som ausendar. Det må kome tydeleg fram kva som gjeld FolkOrg, slik at vi kan arbeide vidare med situasjonar som er mest utsett hos oss.

- c) Vi vil lage ei ordning med verneombod for medlemmene våre.
- d) Vi vil legge til rette for kurs og seminar for laga våre.
- e) Vi vil revidere retningslinene vi har mot seksuelle overgrep og trakassering, og eventuelt lage etiske retningslinjer for FolkOrg.

Styresak 2021/28 Vår Dag – Frivillighetens år

Vedtak:

- a) Vi ønsker å melde inn ein dag i perioden 15.-20.juni 2022 som «Vår dag» i samband med Frivillighetens år 2022.

Vi ber fyrst om å få kalle vår dag «folkemusikkens- og folkedansens dag». Dersom dette ikkje vert godkjent må vi finne eit anna namn på dagen.

Administrasjonen i FolkOrg arbeider vidare med informasjonsarbeide og praktiske oppgåver kring «folkemusikkens- og folkedansens dag» i 2022.

- b) AU får mandat til å komme med tips til kven som kan verta intervjua av Kloppen i samband med podkastserien «Frivillig med Solveig Kloppen»

Styresak 2021/29 Utnemning av heidersmedlem

Vedtak:

Styret i FolkOrg gjorde vedtak på nytt heidersmedlem i FolkOrg. Vedtaket er ikkje offentleg før utnemninga finn stad.

Styresak 2021/30 Eventuelt

- a) Førebels oversikt over representasjon frå styret i områdelaga i FolkOrg:
 - a. Gudbrandsdal folkemusikklag: Hilde Reitan
 - b. Hedmark folkemusikklag: Hilde Reitan
 - c. Møte og Romsdal folkemusikklag: Silje Solberg
 - d. Telemark folkemusikklag: Kristian Ihle Hanto.